



Luster kommune



NYTT UNDER STOREN 1-18

Internavis for Luster kommune

Gode medarbeidar.

På veg inn i sommarferien i år så er status i kommunen i det store og heile god.

Me dekkar godt opp dei tenester og tilbod me skal syte for, mange prosjekt og utviklingsarbeid er i godt gjenge og det er lyspunkt i økonomien. Så får de bere over med at rådmann stadig kjem tilbake til økonomien. Dei siste åra har me arbeidd intenst med dette, har tapt litt terreng – økonomien er blitt litt svekka, men me har framleis ein solid økonomi.

Lyspunktet i økonomien no knyter seg først og fremst til straumprisen. Det påverkar eigedomsskatt for dei store kraftverka i kommunen og det påverkar den gevinsten me kan hente frå sal av konsesjonskraft, to heilt vesentlege kilder for økonomien i Luster. Det som kan uroa noko er kor følsam kommuneøkonomien er i høve straumprisen og om oppgangen no er langvarig. Men mykje tyder på at inntektene vil ta seg noko opp.

Ei styrka inntektsside vil etter rådmannen si vurdering vere spesielt bra for det rådmannen kallar for «utviklingsøkonomien» i kommunen; kva me kan vere med på av nye tilbod og tiltak, korleis finansiere auka investeringar og gjerne her ha noko eigenkapital til desse slik at ikkje låneopptak er heile finansieringa.

Sjølv om inntektssida betrar seg noko meiner rådmannen at arbeidet med organisasjonsutvikling og effektivisering må halde fram, slik me har planar for.

Rådmannen takkar for god innsats og ynskjer god sommar.



Jarle Skarv

«Luster 2020» - Organisasjonsutvikling - OU Rådhuset

I 2016 laga me ein ny plan for utvikling av omsorgstenesta, i 2017 gjorde me mykje analysearbeid angående andre tenester og i 2018 går me vidare med funn og konklusjonar frå dette analysearbeidet.

Organisering.

Eit felt der rådmannen har eit spesielt og direkte ansvar knyter seg til kommunen sine administrative kostnader. På bakgrunn av analysen, som syner noko høge kostnader, arbeider me no med eit prosjekt som har fått namnet OU-Rådhuset. Me har der teke tak i organiseringa og me har stilt spørsmål om ein etter måten liten kommune som Luster er vorte for oppdelt i mange små administrative einingar. Me prøver derfor ein ny struktur med å organisere aktiviteten på rådhuset i to litt større einingar. Målsetjinga er å fremja auka stabssamarbeid og redusere kostnader. Eininga, service og driftsstøtte, vil i hovudsak støtte opp om tenesteeiningane ute. Her inngår noverande einingar; økonomi, personal, servicetorget og IKT. Svein Sanden, som kjem frå leiarjobb på flyplassen, vil ta til som stabsleiar her 1. oktober.

Den andre eininga, forvaltning og utvikling, vil i større grad ha kommune-perspektivet med plan/forvaltningssaker og næringsutvikling. Her inngår noverande einingar; næring, landbruk, plan, eigedom og kultur. Avklaring av leiarjobben her vil me kome tilbake til over sommaren.

Bemanninga på rådhuset er og slik at det er fleire på veg over i pensjonisttilveret. I den nye organiseringa vert det såleis både nyrekruttering, tilpassing av oppgåver og vurdering av dimensjonering for å redusere samla tal stillingar. Ingen tilsette mister jobben og sine sentrale arbeidsoppgåver, men tilpassing av oppgåver inngår i det vidare arbeidet.

Digitalisering.

Det kjem stadig nye løysingar for digital kommunikasjon og her er det gevinstar å hente.

Me prøver å følgje opp her og skal satse ytterlegare for å følgje med best mogeleg.

Me sjølve og dei som treng kommunale tenester må informerast og motiverast for å ta i bruk digitale løysingar. Det er berre å ta tak, framtida vert digital om ein likar det eller ei.

Når rådmannen i dette arbeidet utfordrar på tiltak som kan medverke til effektivisering, kan dei store overskriftene vere organisering og digitalisering. Men også god informasjon ut, kommunikasjon og forhold i arbeidskvardagen vert tekne fram. Me skal ha god service på rådhuset, men ser at me gjerne må stramme inn på det ein kan kalle å vere tilgjengeleg. Telefontid, at møte vert avtalte i førevegen, at søknader er fullstendige og at fristar vert haldne vil vere tiltak som kan effektivisere kvardagen – dette vil me sjå på.

Me skal vere servicevennlege, men dette må kombinerast med å sikra arbeidsro.

Sjølv om me i OU-Rådhuset først og fremst drøftar forhold omkring sentral-administrasjonen så vil og einingane ute og tenestene bli påverka. Tiltak og drøftingar omkring dette vert å ta tak i utover hausten.

PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),
perioden 01.01.2018 - 31.07.2018

Velkomen!

Grandmo:

Heidi Farzane Kvam – vernepleiar

Gaupne omsorgssenter:

Inga Jekapson - heimehjelp
Jutta Karin Schatton – heimehjelp
Jane Namu – assistent
Feven Gerekedden – assistent

Luster omsorgssenter:

Bent Ole Bolstad – fagarbeidar
Eirin Høyheim Storvoll – assistent
Edel Kristine Bolstad - assistent
Petra Nyløy – assistent
Gabrielle Wichman – assistent

Helse:

Tomas Halldor Padjak - lege

NAV Luster:

May Iren Langeleite Lund- rådgjevar

Takk for innsatsen!

Grandmo:

Karoline Ynnesdal - fagarbeidar
Truls Langnes - fagarbeidar
Grete Tetli – miljøterapeut

Hafslo omsorgssenter:

Torill Kalhagen – heimehjelp
Sandya Karlsen Holene - buassistent

Gaupne omsorgssenter:

Maja Engelke – assistent
Ellen Susanne Fossøy – assistent
Aud Marie Thomassen – hjelpepleiar
Marianne Nepstad- heimejelp
Malin Aaland Brun – BPA

Luster omsorgssenter:

Anne Kristin Mørkrid – assistent
Sigrunn Annhild Fortun – assistent

Luster oppvekstsenter:

Else Karin Vigdal – lærar
Kåre Frode Høyheim

Landbruk og Naturforvaltning:

Steinulf Skjerdal

facebook



Over 2500 likar no Facebooksida til kommunen.

Her legg me ut informasjon som er nyttig å få med seg.

Me set pris på om du òg vil like sida vår



Informasjon

Referat frå Arbeidsmiljøutval og HTV-møte:

Du finn protokollar og referat frå møta på LKK. Framover vil referata og bli lagt ut på heimesida til Luster kommune under fana «For tilsette».

Introduksjonsseminar (Ny-tilsett dag):

Tysdag 4 september, føremiddag, vil alle nye, fast tilsette, bli invitert til ei samling i kommunestyresalen. Ordførar, rådmann og personal og organisasjon vil informere om kommunen som arbeidsgivar. Dei det gjeld får eigen invitasjon. Samlinga blir avslutta med felles lunsj

KLP dag 18. oktober:

Det vert innkalla til informasjonsmøte med KLP for tilsette 60+ på føremiddag, og for tilsette som er fødd i 1963 og seinare (ny ordning i KLP) på ettermiddag. Meir informasjon og påmelding vil bli sendt ut i september.

Grunnkurs arbeidsmiljø for leiarar og verneombod:

I slutten av august har Stamina grunnkurs i arbeidsmiljø. Om du er nytt verneombod eller einingsleiar og ikkje har slik opplæring frå før er dette aktuelt. Meir informasjon vil kome på e-post til einingsleiarar og nye verneombod.

Heiltidskultur - lokale retningslinjer:

Hovudtariffavtalen pålegg partane i arbeidslivet å jobbe for heiltidskultur og utarbeide lokale retningslinjer for å støtte det arbeidet. Ei partsamansett arbeidsgruppe laga framlegg til retningslinjer. Arbeidsmiljøutvalet, tillitsvalte og einingsleiarar kunne kome med innspel og kommentarar. Retningslinjene vart vedtekte av Administrasjonsutvalet i mars 2018. Du finn dei i LKK.

Arbeidslivssenteret sine IA-webinar:

På din eigen arbeidsstad, frå din eigen pc - åleine eller saman med andre - kan du delta på Arbeidslivssenteret sine korte IA-webinar. Webinarar er særleg aktuelle for einingsleiarar, men og for verneombod og tillitsvalte – alt etter tema. Oversikt over webinarar blir jamleg sendt ut til einingsleiarane.


Sjekk din kommunale e-post:

Nyttig informasjon kan gå tapt om du ikkje jamnleg loggar inn på din kommunale e-post.

KOMPETANSE / REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



Nye lærlingar i 2018 og opplæring for faglege leiarar og instruktørar

I løpet av sommaren 2018 startar 5 nye lærlingar i Luster kommune:

Simen Weka startar på læretida si i dataelektronikkfaget 01.07.18. Han skal ha base på rådhuset, men får etter kvart oppdrag på dei ulike kommunale einingane og bygga.


Sigbjørn Leirdal startar si læretid i barne- og ungdomsarbeidarfaget 01.08.18. Han startar på Luster oppvekstsenter, men skal i løpet av læretida si og vere på Gamlestova barnehage, Gaupne skule og Luster ungdomsskule.

Julie Fredheim og Kristine Erfjord startar 20.08.18 læretida si i helsearbeidarfaget. Julie startar på Hafslo omsorgssenter, Kristine på Luster omsorgssenter. I løpet av læretida si skal dei innom fleire av omsorgseiningane våre.

Chrisander Engevik Hartveit startar 01.09.18 på si læretid i institusjonskokkfaget. Han blir å finne på sentralkjøkkenet, Gaupne omsorgssenter.

Opplæring:

Ved å ta i mot lærlingar tek Luster kommune samfunnsansvar og me utdannar framtidig kompetent arbeidskraft. Ein føresetnad for å ta i mot lærlingar er at einingsleiarane er positive til det og at tilsette tek på seg oppgåva som faglege leiarar og instruktørar. Den 21-22 august arrangerer me i samarbeid med Sogn opplæringskontor opplæring for einingsleiarar, faglege leiarar og instruktørar i kommunestyresalen. Hugs å melde deg på!



(OLKWEB- bilete)

For å vurdere lærlingar undervegs krev Sogn Opplæringskontor at lærlingen dokumenterer det han/ho har lært.

Me bruker ei web basert opplæringsbok (OLKWEB) som lærling og lærebedrift får tilgang til. Lærlingen kan då leggje inn tekst og bilete, samt vurdere seg sjølv i høve læreplanmåla sett av Utdanningsdirektoratet.

Stoffkartotek - kjemikalier på arbeidsplassen

Stoffkartotek er ei samling av sikkerhetsdatablad for farlege kjemikalier som blir brukt i verksemda. Kartoteket skal og innehalde informasjonsblad for andre helseskadelege stoff. Arbeidsgivar skal opprette, vedlikehalde og gjere stoffkartoteket tilgjengeleg for sine tilsette. Informasjon om kva ein skal gjere om ein får kjemikalier på seg skal vere tilgjengeleg for tilsette. Einingsleiarane er ansvarlege for stoffkartoteket.

Opplæring:

Det er gjennomført to arbeidskurs for einingsleiarar, verneombod og ansvarlege for stoffkartoteka. Bruken av registrerings og dataverktøyet Eco-online vart gjennomgått.

Det vil bli arrangert ny arbeidssamling vinteren 2019.

Tilgang og informasjon for tilsette:

Alle tilsette har no lesetilgang til digitalt stoffkartoteket/Eco-online – via pc og appen Eco Archive som kan lastast gratis ned på mobiltelefonen. Be leiar/verneombod om brukarnamn, passord og firmakode.

Det skal og vere perm med oppdaterte verneblad tilgjengeleg på alle arbeidsplassar. I permene kan tilgangsinformasjonen til det digitale stoffkartoteket og setjast inn.

Informasjon om stoffkartoteket bør vere tema på personalmøte og tema på den årlege Vernerunden.

Treng de hjelp med stoffkartoteket eller har spørsmål?

Ta kontakt med hovudverneombod Svein Tore Heltne eller Olaug Marie Bjelde.

Du kan og lese meir her:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/kjemikalier/stoffkartotek/>



Brukarundersøking omsorg november 2017

Brukarundersøkinga vart gjennomført i november på Luster omsorgssenter. Eit utval av bebuarane vart intervjuet. Svarprosent på 92% gjev eit godt vurderingsgrunnlag.

Pårørnde fekk spørsmål med svaralternativ tilsendt. Svarprosent på 34 gjev eit noko meir usikkert vurderingsgrunnlag.

Undersøkinga syner at brukarane er godt nøgde med tenestene og at bebuarane har det godt. Spørsmål om ein fekk omsorgsplass når det vart nødvendig, dei fysiske omgjevnadane, pleie og omsorgen som blir gitt,

tryggleik, samhandlinga med dei tilsette, aktivitetstilbod og tilgang på lege, tannlege og fysioterapeut - har høg score.

Brukarane gjev gode tilbakemeldingar på mattilbodet og kvaliteten på maten.

Me kan alltid bli betre. Undersøkinga syner at me bør vere merksame på informasjon og brukarmedverknad mot påørnde. Dette er det alt gjort tiltak for å gjere enno betre.

Formannskapet, einingsleiarane i omsorg og dei tilsette ved Luster omsorgssenter er informert om resultatane.

Heider til tilsette i Luster kommune:

15. februar 2018 heidra Luster kommune dei som hadde vore tilsette i kommunen i 25 og 40 år. Ordførar Ivar Kvalen og rådmann Jarle Skartun stod for overrekkinga. Kvalen står heilt til venstre på biletet. Vidare står Kirsten Vikdal, Laila Norheim, Kari Hunshamar Bjørnetun (40 år), Odd Atle Stegegjerdet, Sissel Merete Sandvik Hovland, Svanhild Prestegård, Marit Oline Sandvik, Henny Haugane, Henriette Lillevangstu Sandvik, rådmann Jarle Skartun.



Lønsoppgjret 2018:

Lønsoppgjret for kapittel 4 er vel i havn og det sentrale tillegget/lønsauken vert gitt med verknad frå 1. mai 2018.

For kapittel 3 og 5 vert det gjennomført lokale lønnsforhandlingar hausten 2018



rettar og bedre oversikt og kontroll over våre egne opplysninger som kommunen oppbevarar, forvaltar mm. Meir informasjon om dette vil komme etter kvart og ved å klikke dykk inn på <https://www.datatilsynet.no/> finn de ytterlegare informasjon.

For å ivareta at kommunen føler personvernforordninga sine reglar, er Svein Tore Heltne (bilete) frikjøpt i 10% som personvernombod. Han har kontor på Rådhuset og starta i stillinga 15. mai. Meir info vil komme etter kvart



Personvernombod Svein Tore Heltne

Årshjulstiltak 2018



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding
- Leiardialogen
- Brukarundersøking skule
- Tertialrapport T1

Igangsette tiltak:

- Vernerunde
- (Medarbeidersamtale) frivillig

Komande tiltak:

- (Tenesteplan)
- Introduksjonsseminar
- Budsjett og økonomiplan
- Brukarundersøking barnehage

GDPR - ny personvernforordning Personvernombod

Ny EU-forordning om personvern trer i kraft 1. august 2018.

Dei nye reglane skal gi oss sterkare

